

TODALEN MISJONSFORENING 170 ÅR 2015

Det er no 10 år sidan sist vi var samla til stor jubileumsfest for Todalen Misjonsforening NMS med over hundre frammøtte. Men i mellomtida, i 2009, så har vi også feira 100 års jubileum for Sjømannsforeninga, som er ein del av Todalen misjonsforening etter dei to foreningane vart slått sammen i 1996. Hadde det ikkje vore for det, så hadde kanskje ingen av foreningane vore i gang i dag. Vi har eit godt og verdifullt samarbeid, men med to formenn som deler på ansvaret. Lovise Jørgensen er formann i foreninga for Sjømannskirka – Norsk kirke i utlandet og Einy Rendal Elgsæther er formann for Det norske Misjonsselskaps del. Ho tok over for få år sidan etter Margrete Hals som da hadde vore formann i 40 år frå 1970. Ho lever fortsatt. Ho var med og deltok på 160-årsjubileet og ho hadde også eit sterkt innlegg under 150-årsjubileet for Todalen kyrkje i 2011 da foreninga vår var invitert til å ha ein misjonskveld i kyrkja.

Foreninga har felles sekretær, som no er Signe Grønmyr og kasserar Ildri Øyen. Medlemstalet har dessverre gått nedover. På dei siste ti åra har vi mista mange av våre trufaste medlemmar. Men vi har heldigvis også fått nokre nye. I dag er det knapt ti som deltek på dei månadlege møta som vi har rundt i heimane to timar på ettermiddagen. Det er ganske stor aldersspredning, frå 30 til godt over 90.

Indre Todalen Missionsforening, som vart stifta 17. desember 1845 i ei avsidesliggende bygd på Møre, berre tre år etter at Misjonsselskapet vart stifta i Stavanger i 1842, var ei frukt av ei religiøs vekking på 1840-talet, som det står i bygdeboka: «Ei sterk pietetsrørsle nådde bygda kring 1840. Ei frukt av denne religiøse rørsle var den gamle misjonsforeninga---- som gjennom lange tider var ein viktig faktor i det åndelege livet i bygda. -- I meir enn tjue år var misjonsforeninga det einaste laget i bygda.»

Omtrent heile bygda var representert i foreninga, ca 100 medlemmar var med den første tida, både kvinner og menn. Og grunngevinga for å starta foreninga var: «Vi samtlige medlemmer finner ensamvittighetsplikt i at virke med til Guds Riges udbredelse i blant ikke kristne folkeslag og indgaar derfor i Jesu navn følgende forening:» Så følgjer statuttar og 7 grunnreglar etc. Første grunnregelparagraf lyder: «Foreningens Formaal er efter beste Evne at medvirke til Christendommens Utbredelse blant ikke Christne Folkeslag og tilmed at virke og nære Sansen hos seg selv og andre for Misjonens hellige Sag.»

Eit vidsynt perspektiv og store visjonar.

Dette har det vore arbeidd trufast for i så mange år, og halde regelmessige møter med andakt og misjonsinformasjon og innsamling til misjonsarbeidet. Det har også vore ført grundige møteprotokollar og rekneskap gjennom dei fleste år. Desse bøkene må seiast å vera både historiske og kulturelle klenodiar og er svært interessant lesnad som viser mykje av menneskas liv og lagnad her i bygda.

Også i vanskelege krigsår greidde dei å ha 10 møter i året og i 1942 ein stor 100års jubileumsfest for stiftinga av Det Norske Misjonsselskap i 1842. På den festen kom det inn kr 188,23, «riktig ein sver innkome på ein fest,» står det i protokollen. Dei feira også sitt eige 100-årsjubileum i 1945 og elles har det vore feira 80, 90, 150 og

160 -årsjubileer.

I 1870-åra er det kvinnene som tek over arbeidet, og i 1923 finn vi ei medlemsliste over Todalen Kvindeforening med 23 kvinnenamn. Frå denne tida har det nok stort sett vore kvinneforening og arbeidsforening, slik det også er i dag.

Foreningsarbeidet ber preg av stabilt og trufast leiarskap som har ført detaljert referat frå kvart einaste møte.

I 1996 gjorde Nils Kalset eit stort og viktig arbeid ved å tyda skrifta i desse dokumenta og maskinskriva dei.

Sjølv om vi ikkje er så mange lenger, har vi det fint på møta med Guds ord og andakt, song, opplesnad frå to interessante misjonsblad, god bevertning, handarbeid og kosleg prat. Og vi er glade og takksame for at foreninga enno er aktiv og levande etter 170 år. Men vi ønskjer oss nye medlemmar.

Det er fortsatt vårt ønskje at arbeidet må ha framgang og lukkast slik dei som starta foreninga ønskte og bad om, så stadig nye menneske og folkeslag kan bli nådd med evangeliet om Guds nåde i Kristus Jesus.